



Vestland Fylkeskommune
Kari Veseth Kinden
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1203 - 22/65444

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
30.08.2022

Invitasjon til synfaring for Vestland fylkeskommune - Klage på reguleringsplan for Fv.57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: /

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Alver kommune viser til klage på reguleringsplan for Fv.57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad med PlanID 1263-201407.

Alver kommune vil herved invitere Vestland fylkeskommune til fysisk synfaring for deler av planområdet relatert til 5 klagarar på reguleringsplanen.

Synfaring på staden er planlagt den 07.09.2022 med Utval for areal, plan og miljø i Alver kommune, administrasjonen, klagarar og Vestland fylkeskommune.

Gards- og bruksnummer for 5 klagarar og oppmøtestad den 07.09.2022:

1. Hope gbnr 126/7 adresse Litlåsvegen 70 – ca. kl. 10.35
2. Lauvås gbnr 116/36 adresse Mongstadvegen 533 (naboeigedom til klagar sin eigedom) – ca. kl. 10.55
3. Lauvås gbnr 116/79 adresse Mongstadvegen 497 – ca. kl. 11.10
4. Rossnes gbnr 117/3 adresse Mongstadvegen 250 – ca. kl. 11.25
5. Tjukkelle gbnr 118/1 adresse Mongstadvegen 162A – ca.11.45

Bakgrunnen for synfaringa er at det er ønskeleg å få saka så godt opplyst som mogleg før vedtak i klagesaka vert fatta i møte for Utval for areal, plan og miljø (APM) den 07.09.2022, jf. fvl. §17. Vidare vil kommunen i klageomgangen kunne prøve alle sider av saka og ta omsyn til

nye omstende, jf. fvl. §34. Ei fysisk synfaring kan avdekke om det ligg føre nye omstende i saka som ikkje er synleggjort med dei opplysningane som no ligg føre i saka.

Dersom Vestland Fylkeskommune ikkje stiller opp på synfaringa, vil Alver kommune v/Utval for areal, plan og miljø (APM), fatte vedtak på bakgrunn av dei opplysningane som ligg føre i saka.

Det bes om ei hurtig tilbakemelding og **seinast innan måndag 05.09.2022** om Vestland fylkeskommune kan stille på synfaring den 07.09.2022.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt. Link til saksframlegg den 23.03.2022, finn dykk [her](#)

Møtet for utval for areal, plan og miljø (APM) den 07.09.2022 vert halde som fysisk møte på Region Nordhordland Helsehus (RNH), Kvasnesvegen 40, 5914 Isdalstø med møterom Nordhordland. Møtet vert streama på Alver kommune TV. Møtet er ope for publikum. Det bes om at ein hold seg oppdatert på Alver kommune sine nettsider, sjå [her](#).

Møtestart er ca. kl. 13:00.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Vestland Fylkeskommune Innovasjon Og Næringsutvikling	Postboks 7900	5020	BERGEN
Vestland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN

Mottakarar:

Vestland Fylkeskommune Innovasjon Og Næringsutvikling	Postboks 7900	5020	BERGEN
Vestland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN